

# Pressemelding

4.12.2020

## Gult nivå på vidaregåande skule og heimeskule 21. og 22. desember

**På grunn av lågare smittetal er det ikkje lenger raudt smittenivå ved nokon av dei vidaregåande skulane i Vestland. Det blir heimeskule på alle skulane 21. og 22. desember.**

Det blir heimeskule desse to dagane av omsyn til både elevar og lærarar. Det er ein del elevar i fylke som bur på hybel eller internat, og som skal heim til jul. I tillegg er det framleis område i fylke med høgt smittepress, sjølv om dette no går nedover. Elevar på tilrettelagte grupper vil få tilbod om fysisk undervisning.

### Vil unngå karantene i jula

– Vi trur både elevar, lærarar og føresette kjenner seg tryggare når dei går inn i julefeiringa med heimeskule desse dagane. Ein del elevar og lærarar har vore i karantene i haust, og vi har forståing for at dei fryktar ei jul med dei avgrensingane karantene gir. Vi håpar heimeskule dei to siste dagane før jul gjer elevane, tilsette og føresette litt mindre engstelege for at dei ikkje får feira den jula dei ønskjer, seier Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør for opplæring og kompetanse.

Lyngedal oppmodar elevane om å følgje både lokale og nasjonale smittervernreglar, slik at oppstarten over nyttår ikkje blir prega av sjukdom og karantene på dei vidaregåande skulane i fylket.

### Går over til gult nivå

Alle skular i Vestland som har hatt raudt nivå, går frå måndag over til gult. Raudt nivå har vore på dei vidaregåande skule i Bergen og sju nærkommunar. Ved gult nivå betyr det at alle elevar skal stille som normalt på skulen frå måndag 7. desember. Grunnen til denne endringa er at smittetala har gått betydeleg ned den siste tida.

Det kan ta litt tid for skulane å iverksette overgangen frå raudt til gult nivå. Elevane vil få melding frå skulen sin når dei skal møte.

### Kontaktperson

Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør for opplæring og kompetanse, tlf. 95 03 37 70